

Referat frå seksjon

Av Silje Marita Vallestad

Regionalisering

v/Roy Raasholm Fauske

Deltakarar: Knut Strømmen (Balestrand og Høyanger Turlag), Ole Schanke Eikum (Luster Turlag), Rolf Engløkk (Lærdal Turlag), Tor Magne Gangsøy (Ytre Nordfjord Turlag), Olav Auflem (Indre Nordfjord Turlag), Marit Gjersvoll (Ytre Sogn Turlag), Odd Henrik Berge (Indre Nordfjord Turlag), Karin Weichert (Vik Turlag), Kjell Arne Hjellbrekke (IST), Marino Jan Ask (Sogn og Fjordane Turlag), Astrid Kalstveit (Sogn og Fjordane Turlag) og Svein Arne Suggen Hoff (gjest).

Roy startar med ei innleiing, då Indre Sunnfjord Turlag har sendt inn årsmøtesak:

01.01.20 vert vi eit nytt fylke; Vestland. Korleis bør SFT og DNT forhalda seg til dette? IST syns ein har høyrd lite frå SFT om regionaliseringa. Fylkesmannen har allereie slått seg saman og nye fylket er ein realitet for 2020, kva skjer med oss då?

Mange andre organisasjonar er byrja å diskutere dette, kvifor er ikkje vi? IST ynskjer ein diskusjon der lokallaga er involverte. Vil ha ei sak med konklusjon på neste årsmøte. IST har på førehand ingen klare meininga om kva ein bør gjere, men ynskjer at det vert satt i gang eit god prosess for å diskutere dette.

Fleire samarbeidande partar og sponsorar har eller skal slå seg saman, vi bør ha ein plan opp mot desse.

Nokre av spørsmåla Roy hadde omkring regionaliseringa. Sjå PowerPoint

Kva skjer etter 2020?

- Behov for ei tydeleg felles røyst overfor regionalt nivå – fylkesmann/politikarar i naturvernsaker
- Samordning av søknader om tilskot på regionalt nivå
- «Alle» andre store organisasjonar regionaliserer seg – og styrkar posisjonen
- Delvis felles bu- og arbeidsområde i sørlege deler av SF – kan ha tett samarbeid med dei som høyrer til Nord-Hordaland?
- Nye lokale, regionale samarbeidsorgan på gang?
- Behov styrka felles marknadsføring av tilbudet vårt. Fotturistar reiser nødvendigvis ikkje berre til SF – dei reiser til Vestlandet.
- Andre behov eller behov som bør avklarast?
- Kva ventar ditt lokallag av medlemsforeininga etter 2020?

Open og fri diskusjon:

Vik Turlag (VT): Sogn og Fjordane er ikkje vekke sjølv om vi er i ei samanslåing. Vi er store nok i areal og treng ikkje nødvendigvis slå oss i hop med årsak i at vi er små. Kan vere ei utfordring at SFT og Bergen og Hordaland Turlag har to ulike modellar. Vik Turlag ser sjølv mange fordelar med SFT-modellen.

Balestrand og Høyanger Turlag (BHT): Utfordringar med kommunesamanslåinga; vert veldig små lokallag om ein skal dele seg etter kommunegrensene. Burde ein tenkt på ei endring med lokallaga? Færre og større lag? Kunne Sogn vert slikt som Nordfjord-modellen(INT, MNT og YNT)?Vil det gjort det lettare å få personar til styrearbeid, søknadsprosessar, hytter osv? Med tanke på fylkessamanslåing ser BHT gjerne for seg vere slik ein er.

Ytre Sogn Turlag (YST): Snakkar om det at dei ligg til ei grense mot dei i sør, kan passe veldig godt med dei nord i Hordaland. Dømesvis Masfjorden er nokon dei kan ha samarbeid med. YST seier at det å ha store lokallag over store geografiske områder kan vere utfordrande; dømesvis få til møter og få med alle i området ein styrer over(Sogn-modellen).

Indre Nordfjord Turlag (INT): Viser til landsmøtesaka om regionalisering. Opplever at DNT har forskyve problemstillinga ned til dei det gjeld. INT sitt då med dilemmaet med ein kommune som forsvinn til Volda(Hornindal). Bør dei ha sendt eit brev til sine medlem/innbyggjarane? Dei som lokallag er ikkje berre oppteken av SFT og fylkessamanslåing, men også av kommunesamanslåing og sitt eige lokallag, då Hornindal forsvinn over fylkesgrensa. INT er usikker på kor mange medlem som veit at dei kan fysisk gå inn å velje kven dei vil vere medlem hos, per i dag vert postnummer automatisk knytt til eit lokallag, og kva endrar dette seg til i 2020? Opplever at det er mykje som skal på plass og krev tid. Tenker det er viktig behalde medlem. For å kunne søke etter midlar frå kommune – dess meir medlem ein kan vise til, dess meir kan ein få. Etterlyser hjelp frå SFT at vi skal stå samla i korleis vi skal løyse dei ulike utfordringane, som for eksempel kva INT skal gjere med Hornindal. Ynskjer SFT kan gje ein felles standard til lokallaga, korleis ein skal gå fram, brev osv. Ynskjer at SFT kan lage ein mal/eit standardbrev som skal gå til dei aktuelle medlem som er ute for at kommunen vert flytta til anna fylke i 2020.

VT: Erfarer at somme personar vel å vere med i Bergen og Hordaland Turlag.

Sogn og Fjordane Turlag (v/styreleiar) Vi har ei god organisering og ser aktivitetar stort sett i alle kommunar, det er ikkje alle medlemsforeininga som gjer dette. Pengane går rett ut til lokallaga og lokallaga betalar tilbake til SFT. Hordaland er motsett med at dei deler ut pengar der det er behov.

SFT (v/ adm.) Svarar på eit spørsmål frå IST; SFT-modellen vart til når SFT starta opp.

INT: Vi treng innsikt i korleis Bergen og Hordaland arbeidar for å kunne til å ta stilling til kva vi skal gjere. For eksempel det med Frifondssøknadar osv.

Ytre Nordfjord Turlag (YNT): Har døme frå nabofylka der ein opplever at dess lenger vekk ein kjem frå «styret», dess mindre aktivitet. Opplever at det gjer stort engasjement når lokallaga er spreidd og styrer sin eigen økonomi - opplever då mykje aktivitet. Som for eksempel det med hytter. Men det med hytter kunne han tenkt seg hjelp når ein skulle jobbe med det å få seg ei ny hytte. Ynskjer ein større fylkesorganisasjon som kan hjelpe i slike saker.

VT: Ser også behov for ein fylkesorganisasjon som kan hjelpe med dei store administrative oppgåvene. Men at det er lokallaga som eig, driftar og har aktivitet og hytter . VT ser for eksempel med hytter; at lokale er interessert i å selje hyttene sine til lokale organisasjonar, men ikkje til store organisasjonar.

INT: Trur det er positivt at lokallaga eig dei og drifta dei. Opplever at grunneigarar er oppteken av at det er lokalt.

SFT v/styrelaiar: Hadde det vore aktuelt hatt ein i administrasjon Sunnfjord, ein i Nordfjord, ein i Sogn?

Luster Turlag(LT): Opplever at ein slit ut tillitsvalde. Opplevast ikkje berekraftig det lokallaga sitt med. Korleis skal ein best organisere oss for å utnytte det samla potensialet? Det administrative tømmer dei tillitsvalde – ein bør ha meir administrasjon.

Når det gjeld røysta mot det offentlege: kanskje greitt det er mange. For der tel dei røyster, ikkje nødvendigvis kor stor røysta er.

IST: Har nyleg tilsett ein til administrative oppgåver.

SFT v/styrelaiar: Vi får midlar for fylket, men kvifor jobbar vi ikkje for å få midlar frå kommunane? Midlar til administrasjon å hente der?

VT: Vanskeleg sjå for seg gå inn med Bergen og gje opp vår SFT-modell. Men ligg godt til rette for samarbeid, og vi har kvar våre gode eigenskapar som saman kan spele oss gode.

BHT: Søke midlar hjå kommunane – kan ein møte motvilje fordi dei ikkje vil sponse dei andre kommunane ein dekker? Kan det bli problematisk?

LT: Treng ein vere desentral i administrasjon? Aktivitet og vedlikehald må vere det, ja. Papirarbeidet, det tærer. Skal ein finne ein lokal samarbeidspart for dette eller skal ein sjå innanfor familien med andre lokallag og få ein felles administrasjon for nokre områder?

YNT: Opplever at per i dag, med dei større spørsmåla; ein må utom fylket for å få eit råd.

IST: For å få tillitsvalde, treng administrasjon, treng nokon å søke råd eller bistand hjå i store spørsmål. Nokon til å gjere dei større arbeida. Treng nokon å spele på, 1 person er for lite for 8000 medlem.

SFT v/styrelaiar: Vi er for svakt organisert no til å meistre våre 8500 medlem.

SFT v/adm: Per i dag har vi hatt samhandlingsmidlar med Bergen og Hordaland Turlag og Voss Utferdslag, dei er blitt nytta til følgjande: Kurs i Fotoweb, office 365, rettskriving, artiklar i Sherpa, dugnadsfilm osv.